

OPPDRAGSBESKRIVELSE

1. Bakgrunn

Prosjektet Møre og Romsdal 2025 skal bidra til heilskapleg utvikling og samordna innsats for å styrke regionen, og Møre og Romsdal fylkeskommune samarbeider med Fylkesmannen, regionale statlege aktørar og kommunar. Satsinga skal bidra til å samordne og styrke offentleg sektor som samfunnsutviklar. Målet er at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal skal vere godt samordna og ein sterkare utviklingsaktør for Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal 2025 har 4 innsatsområde:

1. Møteplassar (regional årskonferanse, statsetatsmøte)
2. Regional planlegging (auka deltaking frå regional stat og kommunar)
3. Strategiske og operasjonelle, faglege samarbeid (f.eks samarbeidsavtalar og faglege nettverk)
4. Sektorovergripande satsingar – pilotar og prosjekt

Les meir på <https://mrfylke.no/2025>

Styringsgruppa i prosjektet har vedteke å starte eit regionalt digitaliseringsamarbeid i Møre og Romsdal. Oppdraget er assistanse i prosjektutvikling av dette samarbeidet.

2. Innhold i tjenesteleveransen

2.1 Leveranse:

- Kartlegge grunnlag for regionalt samarbeid om digitalisering
- Fasilitere prosess fram mot prosjektplan
- Samarbeide med prosjektleiing om prosjektutvikling

2.2 Krav til leverandør:

- Leverandør må ha omfattande kompetanse på digitalisering.
- Leverandør må ha god kjennskap til offentleg sektor og relevant næringsliv i Møre og Romsdal
- Leverandør må ha prosesskompetanse, helst erfaring med design thinking og klyngearbeid